



## Jolemorgon i Nordland

Av Elias Blix

Upp ved Nordlands lange strender  
Under høge myrke fjell  
Sol seg snøgt til skugge vender,  
Ljos og myrker misjammt fell.  
Medan sumarsoli strålar  
Dag og natt på fjell og fjord  
Og med gullglans landet målar,  
Då det fagert er der nord.

Men når vetterstormar durar,  
Snøen fjell-imillom fyk,  
Båror bryt som høge murar,  
Snøen kvit for vindens ryk:  
Då si ljose åsyn gøymer  
Under hav den signa sol,  
Folk i myrker gjeng og drøymer,  
Ventar solhov fram mot jol.

So ein jolemorgon tidleg  
Derfrå drog eit kyrkjelag.  
Stjernor blinka til deim blidleg,  
Lova ljos og fager dag.  
Snart dei grannebåtar nådde,  
Rodde fram i reid og rad.  
Til Guds hus dei trugne trådde,  
Og i kor dei salmar kvad.

Då eit uvær brått fell yver  
Land og hav med kov og dam.  
Snø og driv i syni gyver,  
Snaudt ein ser til stamnen fram.  
No er gode råder dyre,  
Her det gjeld um mange liv.  
No Guds hand må halda styre,  
Eller lukt til havs dei driv.

Full av folk den vesle båten  
Duvar på den ville fjord.  
Kvinnor rædde tek til gråten,  
Gluntane på livet ror.  
Kven skal veg i myrkret finna?  
Dei ser ingi leid og med,  
Ingi råd til fram å vinna:  
Sårt til Gud um ljos dei bed.

Då dei høyrer klokka tima –  
Alle gluntar lyfter hatt.  
So dei ser ei stjerna glima  
Gjenom myrke uvêrsnatt.  
Sjå, der stend ho yver kyrkjå  
Og deim viser veg til liv:  
Snø og sky som vil deim myrkja,  
Hennar strålar sunder riv.

Heilag hugnad då dei kjenner,  
Som um dei den stjerna såg  
Som ein gong dei vise menner  
Lyste dit der Jesus låg.  
Til den stjerna dei seg vender  
Då i land dei frelse kjem,  
Og si takk til Jesus sender,  
Stjerna blid frå Betlehem.

### I dette nummeret:

Rolf Theil Endresen:	Gummiskor, brandmenner m.m.	s. 2
Lars Bjarne Marøy:	Ulovsmøte i Bjørgvin	s. 3
Ronny Spaans:	Litterær stagnasjon	s. 4
Anders Olsen:	Når er eit tungemål daudt?	s. 4
Vincent Eye Færavaag:	«Innberetning om et varslet språkmord»	s. 5
Olav H. Hauge:	Olav Kaste – eit hundradårsminne	s. 6
Ronny Spaans:	Gamalt og nytt frå tysk romantikk	s. 7
Tore Lund:	Vil professor Jervell avskaffa helvete?	s. 8
K. E. Steffens:	Solid og levande om H. C. Andersen	s. 10
Johannes Gjerdåker:	Song av Robert Burns	s. 11
Klaus Johan Myrvoll:	Mannen som gav oss lyklane til Egypt	s. 12
Torill Hjartåker Hauge:	Frie menn bed ikkje grinnen um ord – tridje bolken	s. 14
Håvard Tangen o.fl.:	Fram for eit fritt Palestina!	s. 15
Ole Jakob Totland:	Julekveld av Jakob Sande	s. 16

## Gummiskor, brandmenner m.m.

Av Rolf Theil Endresen

Som smågut gjekk eg um sumaren tidt med det me kallade *gummiskor*, slike tunne, lette skor med kvit gummisole og kvitt elder blått lereft på yversida. Dei fleste kallar visst ikkje sovordne skor gummiskor, men *ty-skor*, og tykkjer det er låttelegt at eg seger *gummiskor*, og mistenkjer vesle Rolf fyre å hava mistydt eitkvart i barndomen.

Det er meiningslaust å spyrja um rette namnet på desse skorne. Dei var lagade av både gummi og ty, og målvitskapen giv ikkje svar på um dei byr kallast *gummiskor*, *tyskor* eller nokot annat. Difyre skal eg i staden dryfta eit annat spursmål – tilhøvet millom tyding og ordlagning meir ålment. Når me set namn på ei ovring, lagar me tidt namn som ikkje nemner alle sidor ved henne. Dei skorne me talade um ovanfyre kann definerast som ‘skor med snøring som oftast vert nyttade i idrottslege samanhengar og hev gummisole og lereftsverleder’, men i staden fyre *idrotts-gummisole-lerefts-yverleder-snørings-skor* vel me eit stuttare namn som berre nemner nokre einskilddrag, slik som *gummiskor* eller *tyskor*, eller berre seger nokot um ein av bruksmåtarne, som *gymnastikk-skor* eller *joggeskor*. Eit annat døme på det same finn me ved å jamføra det norske ordet *brandmann* med det likatydande franske ordet *pompier*. Ein brandmann er ein ‘mann som hev det yrket å sløkkja brandar’, og det norske ordet nemner brandarne og mannen, men korkje sløkkjungi eller at det gjeld eit yrke. Det franske ordet dreg berre fram pumpa (*pomp-*) og personen (*-ier*). Pumpa er den vatspumpa som brandmennerne nyttade fyrr me fekk hydrantene.

Tyder ordi *gummiskor*, *tyskor* og *joggeskor* det same? – Både ja og nei. Ja, av di dei viser til same typen skor. Nei, av di dei framhevar ulike sidor ved deim. Dei giv berre eit ymt um tydingi, men det er ikkje uvigtugt kvat dei ymtar um. Me ser dette klårast ved ord som framkallar sterke kjenslar. Det romet elder huset der me «gjerer frå oss», som det heiter, hev mange namn, og folk hev eit sterkt tildriv til å nemna staden med ord som ikkje fortel kvar han eigenleg vert nyttat til. Fyrst og fremst er det ein stad der me, orsak uttrykki, skit og mig, men me umtalar han tidt med ord som fortel um andre sidor ved staden: det er eit litet rom der

me oftast sit heilt åleine, der me oftast skyt ufysna burt med vatn, og der dei fleste av oss vaskar henderne når me er ferduge med hovudærendet. Umfram dette fær me oss ei liti kvild når me sit slik. Me nordmenner umtalar det millom annat med ordet *klosett*, som gjenom tysk og engelsk kjem av eit fransk ord som tydde ‘litet rom’. Danskarne kallade upphavleg staden fyre eit *skidehus*, men hev seinare millom mange andre ting kallat det eit *vandhus*. Engelsktalande nordamerikanarar kallar same staden fyre eit vaskerom (*washroom*), laugerom (*bathroom*), eller jamvel eit kvilerom (*restroom*). Ordi *klosett*, *skidehus*, *vandhus*, *washroom*, *restroom* og *bathroom* tyder frå ein synstad det same, sidan dei alle vert nyttade um same ovrangi, men dei framhevar ulike sidor ved henne, og er difyre frå ein annan synstad ikkje heilt likatydande. Jamt yver er denne staden ikkje millom dei høvelegaste å tala um i sellskapslivet og salongarne, men rett galet vert det fyrst um me nyttar eit ord som peikar på hovudærendet.

Lat oss koma oss vidare, og skilja millom ordbokstyding og bokstavleg tyding, soleis at ordbokstydingi åt *joggeskor* er ‘skor med snøring som typisk vert nyttade i idrottslege samanhengar og hev gummisole og lereftsverleder’ eller nokot i den leidi, men den bokstavlege tydingi er ‘skor som hev ein samanheng med jogging’. Ordbokstydingi er den heile og fulle tydingi til eit ord, medan den bokstavlege tydingi er den deilen av tydingi som lekkerne i ordet faktisk fortel um. Ofta, som i dette tilfellet, er den bokstavlege tydingi ein del av ordbokstydingi, eller, sagt på ein annan måte, den bokstavlege tydingi er meir ålmenn en ordbokstydingi – eller ordbokstydingi er meir spesifikk en den bokstavlege tydingi. Um den bokstavlege tydingi er A, so er ordbokstydingi A+B. A stend fyre den deilen av tydingi som kjem beinveges fram gjenom dei elementi som ordet er uppbygt av, men B stend fyre det som er att.

Det er viktig å leggja merke til at me kjem fram til den bokstavlege tydingi ikkje berre på grunnlag av lekkerne ordet er uppbygt av, men òg på grunnlag av den konstruksjonen som lekkerne utgjerer. Dersom lekkerne var det einaste me hadde å stydja oss på, kunde me ikkje

segja annat en at *joggeskor* tydde ‘nokot som hev ein samanheng med jogging og skor’, og det er nokot åfått. Dei two lekkerne utgjerer til saman eit samansett ord med ein fyrelekk og ein etterlekk. Denne konstruksjonen, ei samansetting, hev i seg sjølv ei tyding, jamvel um denne tydingi er ovleg ålmenn elder skjematiske. Tydingi åt etterlekken definerar kvat slags ovring me hev å gjera med, og fyrelekken er med og definerar ein underklasse av denne ovrangi – i dette tilfellet kann me då nett segja ‘skor som hev ein samanheng med jogging’. Sameleis hev då samansettingarne *bilseljar* og *drysseljar* høvesvis dei bokstavlege tydingarne ‘seljar som hev ein samanheng med bilar’ og ‘seljar som hev ein samanheng med dyrar’. Det gjeng ikkje fram av den bokstavlege tydingi at ordbokstydingarne er meir innhaldsrike. Ein bilseljar er ein ‘person som hev til yrke å selja bilar’, medan ein drysseljar ikkje sel dyrar, men er ein ‘person som hev til yrke å ganga heim til folk fyre å selja ting til deim’ (dyri vert nemnd av di den typiske dryssejaren ringjer eller pikkar på dyri heima hjå folk og stend og freistar å selja varorne sine ved same dyri).

Kvar kjem so ordbokstydingi frå? Korso kann det hava seg at me nyttar dei fleste ordi med ei meir utførleg tyding en den bokstavlege tydingi? Saki er at me ikkje berre lærer kvat ord tyder ved å analysera lekker og konstruksjonar, men ved å leggja merke til korso dei vert brukade. Når me fyrste gongen høyrer ordet *drysseljar*, tenker me oss vel at ‘seljar som hev ein samanheng med dyrar’ er ein del av tydingi, men tilhøvet millom seljaren og dyrarne lærer me oss ved å gå åt samanhengarne ordet vert nyttat i.

Lat oss sjå på ordet *brandmann* att. Den bokstavlege tydingi er, som eg tidlegare hev nemnt, ‘mann som hev ein samanheng med brandar’, men ordbokstydingi er ‘mann som hev det yrket å sløkkja brandar’, men på grunnlag av den bokstavlege tydingi er det inkjevetta i vegen fyre at det kunde tyda ‘pyroman’. I denne samanhengen er det forvitnelegt å sjå at det tyske ordet *Feuermann*, som bokstavleg berre tyder ‘mann som hev ein samanheng med eld’, hev two nokot ulike ordbokstydingar, nemleg ‘brandmann’ og ‘fyrbøtar’, og at det ikkje hadde

## Ulovsmøte i Bjørgvin

**Av Lars Bjarne Marøy, formann i Vestlandske Mållag**

Vestmannen nr. 6/2002 hev ein redaksjonell artikkel som kann gjeva inntrykk av at Vestlandske Mållag hev halde årsmøte og valt nytt styre. Det stemmer ikkje. Det vert òg lagt fram ei underbygging av at det ordinære årsmøtet i laget laut underkjennast. I det høvet må det slåast fast at det ordinære årsmøtet var innkalla av eit samrøystes styre og i samsvar med lagslovi.

Når det gjeld det påhevdå årsmøtet no i november, braut det med lagslovi på heilt avgjerande punkt. Jon Askeland sette det heile i scena, og kalla inn til møtet saman med den tidlegare styremannen Helga Mehl og nokre andre privatpersonar. Innkallingi og fyrebuingi til årsmøtet braut både med lagslovi åt Vestlandske Mållag og foreiningsretten. Ei innkalling frå ein-skildpersonar er ikkje nokor gyldig innkalling. Lagsfraksjonen hev ikkje freista å ganga um styret for å få til lovlegt årsmøte. Det vert ikkje betre av at fleire av lagi i Vestlandske Mållag ikkje vart kalla inn til det ulovlege årsmøtet eller av at eit av ein-skildlagi (Vestmannalaget) hev kravt inn lagspengar.

Vestmannen hevdar at «... millom dei som var til stades, var det folk som etterpå sanna at det som [kom] fram på møtet yvertdde dei um at kritikken av Borknemøtet var rett ....». Ein må spryra seg um kva ein sit att med, so framt det berre er kritikk av det ordinære årsmøtet som hev kome fram, og dersom ein treng yvertda folk um kva som er «rett». Kjensgjerningi er klår nok. Innvendingane mot det ordinære årsmøtet i Vestlandske Mållag held ikkje. Ingen treng å verta yvertdde um at Bjørgvin-møtet braut med lagslovi. Det gjeng fram av fyrebuingi og innkallingi til møtet og er eit faktum.

### Ordbruk og nivå

Nivået på det ulovlege årsmøtet vert vel best uttrykt gjenom denne utsegni i Bergens Tidende (10.11.02):

«Utan motmennene til stades, vart det eit etter måten fredeleg, men likevel nok langdrygt årsmøte. Litt opposing var det rett nok, og ein fråverande målmann laut tola karakteristikkar av det slaget president Bush nyttar om land han gjerne vil føra



krig mot.»

Det er ikkje fyrste gongen at det hev vorte nytta einsovoren ordbruk i denne saki. I Vestmannen nr. 5 vert det hevda at innkallingi til årsmøtet i juni var gjord etter «førarprinsippet». Sanningi er at innkallingi bygde på eit styremøte i Vestlandske Mållag, der 6 av dei 7 vanlege styremennene var til stades.

Mange gonger hev Vestmannen tala um fred og forlik i stridane i høgnorskrørsla. «Lat oss halda saman um det viktige, og lat det mindre viktige få kvila i tagnad ...», vert det sagt i siste nummeret av bladet. Ein må undra seg yver um ordbruk som «førarprinsipp» er meint å skapa fred og samhald i rørsla.

### Aasen-sambandet med studnad

Ivar Aasen-sambandet gjev full studnad til Vestlandske Mållag. På styremøte 25. oktober gjorde eit samrøystes styre i Ivar Aasen-sambandet dette vedtaket:

«Ivar Aasen-sambandet styd det sittjande styret i Vestlandske Mållag, som vart valt på det lovlege årsmøtet i Borkne 29. juni, og hev full tillit til det. Me kann ikkje sjå at innkallingi til nytt årsmøte i Bjørgvin dagsett 4. oktober, som er underskrivi av ei rad einskildmenner, er lovleg, med di ho ikkje hev gjenge gjennom noko styre, korkje det fyrre elder det som vart valt i Borkne. Ivar Aasen-sambandet vil uppmoda alle lokallag og lagsmenner um å lata vera å møta på det ulovlege møtet.»

Vedtaket vart sendt til styret i Vestlandske Mållag ved formannen, lokallagi og til heiderslagsmennene. Like vel vart det ulovleg innkalla møtet i Bjørgvin 9. november halde, og det vart jamvel valt nytt «styre» til Vestlandske Mållag. Det hadde ikkje møtet fullmakt til, og styret i Vestlandske Mållag er enno det som vart valt på årsmøtet i Borkne 29. juni.

### Varsling um ulovlege disponeringar

Etter at det ulovlege årsmøtet vart halde, hev styret i Vestlandske Mållag varsla fraksjonsgrupperingi i laget um at det ikkje var lovleg innkalla, og bede denne grupperingi um å lata vera å gjeva seg ut for å vera styre i laget.

### Utgjevar:

Samorganet Målmannen

### Tilskrift:

Målmannen  
Postboks 49 Blinder  
0313 Oslo

### Bladstyrar:

Olav Torheim  
Dyrgravvegen 21E  
3617 Kongsberg  
olaf@online.no

### Tingar- og lysingsandsvarleg:

Klaus Johan Myrvoll  
klausjon@online.no

### Grafisk utforming:

Olav Torheim  
Lars-Toralf Storstrand  
(rabbixl@frisurf.no)

### Netstad:

maalmannen.sambandet.no

Bladpengar for 2003 er kr 150,-

Bankgiro 2291.14.45666

*Målmannen fylgjer redaktør-plakaten.*

### Ivar Aasen-sambandet

Ivar Aasen-sambandet er landssamskipnaden åt høgnorskrørsla. Sambandet arbeider for målupplysning, måldyrking og målreising. Sambandet krev fulle rettar for nynorsk i Noreg, og krev i nynorsk full jamstelling for i-målet som Ivar Aasen valde. Sambandet hev ei sergjerning i norsk målrørsla; både lag og einskilde kann vera med. Skriv deg inn!

### Innmelding til formannen:

Klaus Johan Myrvoll  
Nedre Ullevål 9-322  
0850 Oslo  
Tlf. 900 26 380  
Epost: klausjon@online.no  
<http://www.sambandet.no>  
Giro 0814 20 27 209

## Litterær stagnasjon


Av Ronny Spaans

«Litterær stagnasjon» var ei yverskrift i fyrré Målmannen som eg vil byggje på her. Lars-Toralf Storstrand saknar Tolkien på nynorsk. Det gjer eg òg. Det er synd at all æventyrlitteratur kjem ut på bokmål. Hadde bokreidarane valt nynorsk, hadde det ikkje berre vore ein god måte å spreide målet på, men eg meiner den friske dåmen at nynorsken hadde gjeve ei betre uppleveling enn det stive bokmålet. Eit døme er *Den blinde ugla* av Sadegh Hedajat som Johannes Gjerdåker hev umsett til norsk. Det draumvorne og underlege ved romanen kjem fint fram hjå vossingen.

Eg trur at um du fer rett å med målet, kann du ause or den friske kjelda som nynorsken er. Og eg trur vi no stend ved eit vegaskil i målsoga. Det er kann hende ikkje klårt no, men det kjem etter kvart til å koma for dagen. Nynorsken stend millom valet: museumsgjenstand eller vitalitet? Samtidit vitnar um ei rad sjukdomsteikn ved målet – den kvite pengesiloen på Aasen-tunet er eitt av deim, knallraud målungdom med tjukke lummebøker er eit anna. «Nynorsken stend sterkare enn noko sinne» – det er sant i høve til lovverket og statsstudnader – men i høve til vitaliteten hev han aldri vore so veik. Nynorsken er ikkje døyande. Han kann fint leva lenge som ein feit, subsidiert jolegris.

Det ser vi best i det mediet der nye tankar og idear ovrar seg – i litteraturen. Dei fleste unge forfattarane skriv på stilreint bokmål og tunge nynorskforfattarskap blir det færre av. Glyttar du attende i tidi, var det onnorleis. I millom-

krigstidi var nynorsken ei uppkome som forløyste diktarhugen å forfattarar som Sjur Bygd, Olav Duun, Kristofer Uppdal, Olav Aukrust og endå oslodramatikaren Oskar Braaten. Og han hadde ei radikal kraft som fekk det til å grysjå ned ryggen på riksmålsforfattarane. I notati til Olaf Bull kann du lesa koss han gong på gong grundar på målstriden, og i diki nyttja han tidt sereigne norske ord som til dømes *von*.



Den nynorske jolegrisen?

Eg trur di verre ikkje bokmålsforfatarane i dag kjenner denne kaldgufsen. Det er vel holder umvendt. Og den forfattartypen som ein kann hende kunde vente nynorsk av, nyttar holder samnorsk. Den sokalla «skitne realismen» med Jonny Halberg og Kyrre Andreassen er eitt døme. Helder ikkje outsideren Thure Erik Lund skriv på nynorsk. Ein kunde segja det er fordi talemålet deira ligg nærrare bokmålet. Men eg trur det stikk djupare. Nynorsk hev liti tiltrekkjingskraft.

Det so langt siste litterære gjennombrøtet, der nynorsken meir eller mindre var med som ei vital kraft, stod profildik-

tarane for. Endå nynorsken deira ligg på grensa til samnorsk, synte millom andre Kjartan Fløgstad at nynorsken hadde ein annan svip enn bokmålet.

På åttitalet debuterte ein ny ættled. Postmodernismen og minimalismen som stod i det litterære programmet deira, trur eg ikkje var til gagn, men kolliderte med den rurale og anti-autoritære krafti å målet. Når du les bøker på målet i dag, kann du difor simultan-umsetja deim til bokmål. Nynorsken skaper ikkje den gamle friksjonen hjå lesaren lenger. På det viset er framtidå å nynorsken ikkje berre avhengig av målpolitikken, men òg litteraturpolitikken. Det er eit faktum som di verre gjeng inn eine øyra og ut det andre hjå målfolk som berre interesserer seg for målføre og politiske vedtak.

Koseklubben Samlaget engstar seg holder ikkje. Eit døme er debutanten Brunjulf Jung Tjønn, som fekk mykje umtale i media, men det vart fort stilt både kring boki og dei slagordi han kom med: «No må det bli slutt på lange romananar!» – eit holt dvergmål frå 70-talet. Eg trur Tjønn hev talent, men eg trur ikkje Samlaget veit koss dei skal få det fram. Samstundes kjem mykje kosebøker ut; hallodamor som gjev ut yndlingsdikti sine. På den eine sida heng Samlaget etter med ein doktrinær poetikk og på hi sida satsar dei trygt og traust på økonomisk vinst. Samlaget er ein av nynorskinstitusjonane som treng umskiping og nytenking. Men so spyrst det då um jolegrisen idest lyfte på rauvi.

## Når er eit tungemål daudt?

Av Anders Olsen

Jau, eit tungemål er daudt når ingen hev det til modernmål lenger. Den hevda målkunna hev berre vore forviti etter tungemål/talemål, men av di banduppatakarar ikkje fanst for hundrad og femti år sidan, lyt all gransking av mål som er eldre enn det, byggja på *skriftmål*. Og heppeleg kann me vera trygge på at når dei skreiv gamalnorsk for um lag tusund år sidan, skreiv dei som dei tala, dei skreiv bokstavrett/ljodrett.

Gamalnorsk *do* aldri ut, det *brigde* seg. Det gjerer alle mål. Gamalislendsk brigde seg òg, og vart til det me kollar

nyislendsk. Å segja at gamalnorsk liver på Island, som K. E. Steffens gjerer i seinste numret av Målmannen, kann vera rett um han vil vera folkeleg og «nasjonal-sjåvinistisk», men vil han vera vitskapleg, held det ikkje vatn. Samnemnet på gamalislendsk og gamalnorsk er (klassiskt) norrønt mål eller gamal vestnorderlendsk, men storluten av skriftene er skrivne på Island, d.e. dei er (gamal)-islendske. Skilnadene på desse to måli er små, men store nog til at det gjev meinung å skilja deim frå einannan.

Det er løgje at Steffens ikkje kjenner

livsverket til sambygdingen og skyldingen sin frå Ørsta, Ivar Aasen. Aasen ikkje berre skyna, som sume andre i hans samtid, at dei nynorske målføri hadde vakse fram av gamalnorsk, men han synte det òg. Det finst ingen annan enn Steffens, det eg veit, som hev evast på det etterpå.

Av det eg hev skrive her, gjeng det fram at eg meiner hebraisk *var* utdåe, etter di ingen lærde det frå barnebein. Ingen hadde det til fyrste innlærde talemål fyrre det vart etterreist og teke til hovudtalemål etter staten Israel var skipa i 1948.

## «Innberetning om et varslet språkmord»

Av Vincent Eye Færavaag

Her er ein politisk freistnad på «å segja ifrå», å samla motstandarar – «av adle slag» – for å avvisa siste samnorskframlegget frå Norsk språkråd ved nynorskseksjonen. Utgangspunktet mitt er at eg ser på den fyreståande målrevisjonen (februar 2003) frå Språkrådet som eit siste peik frå det haldet, no etter at Stortinget i haust hev gravlagt «samnorskparagrafen». Synderegisteret åt Språkrådet burde få samnorskmotstandarar på tå hev. Kva pokker skal ein med samnorskparagrafar, når filologane – på vitskaplegt grunnlag – kann fortelja at «folket i kulturhagen» no både i tale og skrift gjer som dei tidlegare – «ex cathedra» – «am strengsten» vart tilsagde? Tidi for hausting av tiårs sånad er komi. For ikkje sant; folket siger og skriver *erfaring for røynsle, lav for låg, skjebne for lagnad, og komme(r) for kjem.* Og bruken av diftongar og palatalisering (slå upp!) småminkar. Sjå! Slikter skaper gryling og vellæte i nynorskseksjonen i Norsk språkråd. Og ein stakkars språkbrukar vert både ør og baskjen, og «likar på leiken illa». Han spyr: Kva er vitsen med two mål når du smart lyt lesa ei halv sida fyrr du veit um du les nynorsk eller bokmål?

Jada! Enno finst her målmerkje, méd å kalla, og enno finst her stabukkar og vrangpeisar som underteikna, som legg seg på tverro og fær godtfolk til å harka og spyrja: «Gagnar dette nynorsken?» Eg spyr sjølv det same: Gagnar det nynorsken å leggja seg flat for Guden i Tidi? Kva hjelper alt snakket um å skriva som du talar, når me alt som born lærer å tala som frognerantone i barnetimen? Nynorsk er eit framodla mål, «samnemnaren» for dei norske målføri. Det er ikkje som «dialektbrukar» du sit med den

nynorske fasiten; som dialektbrukar lyt du både «ta og gje».

Mangt og mykje hev kome inn i nynorsken frå andre målføre enn dei sunnhordlandske, tru ikkje anna. Sjå på nynorsken som ein landsens dugnad, der målmeisteren Ivar Aasen svinga taktstokken. Dei nærsynte filologane i Norsk språkråd driv med språkleg lobotomi; med attlatne augo rører dei um på ein heilskap som ein gong vart borene uppe av visjonen um det norske, knytt til folk og landskap og den – kann henda – illustriske draumen um å nå fram til eit sjølvmedvit «der ein smidde sin eigen lagnad».

Spursmålet som tvingar seg fram er um kva me hev å vinna på å «liva i harmoni med Utvikling», utan å skjegla til den kulturelle tradisjonen som skapte oss som folk millom verdsens folk og nasjonar. Eg for min del set min lit til kjeringi mot straumen – i dykk alle!

\* \* \*

### Framlegg til vedtak på styremøtet i Noregs Mållag 15.11.02:

Tilråding til Språkrådet i samband med planlagde endringar i nynorsknormalen.

Vedtak: Språkrådet gjer ingen endringar i nynorsknormalen vinteren 2003, heller ikkje når det gjeld klammeformene.

Grunngjeving: Status quo er det «alle partar» best kann liva med (som me hev gjort yver tid). Store endringar, eine eller hin vegen, kjem til å skapa stor uro i nynorsklandet. Eit storinnslepp av tilnærningsord/-former, berre nokre månader

etter at «samnorskparagrafen» vart oppgjeven av Stortinget, vert upplift som blodig ironi.

At i-målsfolket hev livt – og vil kunna liva – utan studnad i nokon nynorsknormal, er ikkje eit argument for å sundlema i-målet. Å byggja normeringsarbeidet på frekvensteljingar av rådande skriftmålsbruk, vil elles hava same funksjon som det tidlegare lovpåbodne tilnærningsstrevet hadde («seg upp att etter meg ...!»). Som du ropar i skogen får du svar. Arbeidet med odling av nynorsken er å likna med navigering av mastedontane til sjøs: Du lyt heile tidi plågast med tidlegare vegval. Tidsperspektivet bør ikkje vera under 1000 år.

Som «samnemnaren» for norske målføre, vert nynorsken – som kjent – berre tala av eit lite mindretal. Fylgleg gjeld um nynorskt talemål: «Da’ staor ’kje istattistikkjen» (ved frekvensteljingar av talemål), men fylgjer – fylgjestrengt – av den nynorske skapingssoga.

Det nynorske skriftbilætet, til liks med dei norske dialektane, ligg forståeleg nok under for storebrorsyndromet. På eit eller anna vis tek me alle etter rytmen, tonen, ordelaget åt det rådande bokmålet. «Kva heiter det på nynorsk?», spyr me, og er alt komne langt inne i bokmålslandet. Slik er det berre. Difor: Skal me yverliva som eige mål ved sida av bokmålet, lyt me hava eit vake auga for det systematisk sereigne ved nynorsken. Me lyt vera varsame med å reinska ut det som gjer nynorsken, som gjev honom dåm og serhått til skilnad frå det bokmålet me skal tevla med, og ikkje minst liva saman med kvar dag.

Dette innlegget stod på prent i bladet Sunnhordland 29.11.2002.

### Framhald frå s. 2:

voret nokot i vegen fyre at det kunde hava tydt ‘pyroman’ elder ‘eldslukar’ òg!

*Prison* er eit engelskt ord fyre ‘fengsel’. Dersom me legg endingi *-er* til *prison*, fær me *prisoner*, som hev den bokstavlege tydingi ‘person som hev ein samanheng med fengsel’ og ordbokstydingi ‘fange’. Dette verkar heilt liketil – kven finn me i fengselet, um ikkje fanger? Men så einfelt er det ikkje. Engelsk hev endå eit ord fyre ‘fengsel’, nemleg *jail*. Ogso *jail* kann få endingi *-er*, og

*jailer* hev ogso den bokstavlege tydingi ‘person som hev ein samanheng med fengsel’, men ordbokstydingi er ‘fangevaktar’!

Fyrr eg giv meg, lyt eg strika under at me ikkje hev nokot grunnlag fyre å segja at den bokstavlege tydingi er den «eigenlege» elder «upphavlege» tydingi åt eit ord. Når nye ord vert lagade fær dei strakst ei ordbokstyding som er meir innhaldsrik en den bokstavlege tydingi.

### Retting

I stykket «Klår melding frå Bokn» på s. 9 i fyrra nummeret av Målmannen hadde ordet *bokmål* på merkeleg vis vorte umbytt med *nynorsk*, soleides at fyrste setningi gav litt meining. Rett lyding skal vera: «I Haugesunds avis kann me lesa at kultursjefen i Bokn, som attåt er bladstyrar for Bokn bygdeblad, meiner at heradet bør byta til *bokmål* med grunn i ‘utviklingen med en dialekt som stadig mer nærmer seg bokmål’..» Bladstjorni segjer seg leid for mistaket.

# Olav Kaste – eit hundradårsminne

## Olav H. Hauge um gløymd lyrikar

I år det 100 år sidan lyrikaren Olav Kaste vart fødd. Olav Kaste vart fødd i Heddal og var lærar i heimbygdi. Han døydde i 1991. Millom 1946 og 1979 gav han ut åtte diktsamlingar. I Dag og Tid 12.10. 2002 skreiv Ottar Fyllingsnes um Kaste under yverskrifti «Kunne nådd lenger enn Olav H. Hauge». Olav H. Hauge var uppteken av diktingi åt Kaste og nemner han fleire gonger i dagbökene sine. Med løyve gjev me nedanfor att eit utval av det Hauge skreiv um Kaste i *Dagbok 1924–1994*.

21.9.1958:

I dag såg eg [...] eit nr. av Verdens Gang. Brekke melde Kaste si nye bok *I otta*. Rosande melding, sterk. Eg har sjølv set eit dikt no og då av Kaste og lika dei svært godt. Ja, eg huggar enno fyrste diktet eg såg av han, det var vel i Vinduet for 5-6 år sidan, og kor ofte hender det, at det fyrste diktet av ein ukjend forfattar slær ein og bit seg fast? Det hender. Kaste har eg all respekt for. Ein fin kunstnar, som arbeider med enkle og sterke midlar. Og alltid på eit indre plan, på dulde, einsame vegar. Målmedviten. Innbiten.

6.12.1958:

I år er det Asbjørn Aarnes som skriv um den nye lyrikk [i Vinduet]. Og det har vorte ei fin mynstring. Serleg merkar ein seg Olav Kaste. Eg visste hans dag kom, og Aarnes skynar ein slik diktar.

22.2.1960:

Skrede tala um Kaste. Ei vurdering, som syntे kor høgt han sette denne diktaren. Eg har berre lese *I otta*, men eg er klår yver at Kaste er kanskje den finaste lyrikaren me har i dag. Han er mannen attanum, som let dei andre prata um poesi, med han sjølv er nøgd med å laga poesi.

Der er alltid slik. Det er ein attanum den som fører det store ordet, ein heller ukjend ein for samtid. Bak Johnson er ein Shakespeare, attum Pope er ein, attum Dryden ein, attum Wordsworth er ein Blake, attum Tennyson ein, bak Weren-skjold ein Hertervig, bak Tidemand ein, bak Gude ein Balke. Den offisielle kunst, og *kunst*. Alltid det same. [...]

Olav Kaste – Det han sökjer er den sjeldnaste av alle stunder: når det opnar

seg, lettar, –

25.6.1960:

Kaste og Skrede er dei beste nynorske diktarane. Dei andre gjer gode ting. Men det er snart burte – som lauvsmod frå ifjor.

30.7.1960:

Den fremste lyrikaren imillom dei nynorske er vel Olav Kaste. Det er ein verkeleg diktar. Og me ser han arbeider seg fram og vert kjend òg, so langt ein so pass kresen lyrikar kan verta det. Elles er vel Skrede den som kjem næraast, det kan vera eit spursmål kven ein skal setja høgst av desse two. Men etter Tor Jonsson er det vel dei som røynleg ruvar millom oss, endå me hev fine lyrikarar i Vesaas og Sandsdalen og Bruheim. Når eg set Vesaas eit strek under som lyrikar, so er det for formi si skuld; han er ikkje so streng som Kaste og Skrede, endå han sikkert er den største diktaren av dei tri, det har han vist på andre måtar.

22.4.1961:

Lese litt i *Norske dikt*. Kaste kjem ut som den finaste diktaren, den vissaste, varaste handi. Fin kunstnar.

6.10.1962:

Mange diktarar her i landet har byrja seint. Serleg i det siste. Byrja og byrja, dei fleste har vel byrja tidleg, men dei har ikkje kome seg til å laga bok fyrr dei var noko ut i åri. Men sjå um dei ikkje har drive det til noko likevel. Sjå Skrede og Kaste! Og no Kari Bakke.

1.11.1962:

Den nye antologien til Bokklubben kom. Solumsmoen har gjort utvalet. Det spenner frå 1900 til i dag, byrjar med Collett Vogt og sluttar med Mehren. *Fasetter 50 navn – 60 dikt* er titelen. So det segjer seg sjølv at noko pålitande utsyn gjev ikkje dette utvalet. [...] Mange svært gode namn saknar eg. Rytter, Vaage, Kaste, Lygre, Sveen, Sandsdalen, Takvam for å nemna nokre nynorske. Solberg er heller ikkje med. 14 nynorske mot 46 bokmål, kan det vera rett?

26.11.1965:

Olav Kaste: *Og det vart morgon*. Dette er fyrste bok eg les av han. Her er ypperlege

dikt, i ei noko fri, men tradisjonell form. Ja, eg vil segja at her er dikt her som er med dei beste eg har lese på norsk, helst dei dikt i som skildrar kvardagshøve og slikt. Dei er som trugne og kloke. Og han er komen so langt at han kan gleda seg yver småting, ja her er ei rekkje dikt som eg alltid vil hugsa. Eg skynar ikkje meldarane som ikkje ser slike dikt! Dei kjem dragande med det ringaste av han! Dei kan ikkje skyna seg på dikt!

Kaste er komen so langt at han syng um gleda, det er eit godt teikn! Gleda, edel glede.

10.1.1966:

Har hørt Kaste i radio. Han les godt, og talar greidt. Ein ekte diktar.

12.1.1966:

Den einaste nynorske lyrikaren som verkeleg var noko med i fjar, var Kaste. Og Eggen er ikkje verst. Kaste og Eggen og Takvam ris høgt yver dei andre, ja Tufteland må eg òg rekna med til dei beste.

19.3.1966:

At dikt som etter skandering er skrivne i same form, kan ha heilt ulik tone, ja heilt ulik rytmē, er noko av det mest forunderlege i versekunsten! Engelske diktarar har for det meste halde seg til jambar. For nynorske diktarar høver vel trokéar like godt. Sjå Kaste!

6.7.1967:

Me saknar ein Thomas Hardy. Bonde-landet Noreg har aldri fostra ein slik ein. Kvifor? Fordi alle er påverka av den store stilien. Av Wergeland. Av Aukrust. Av Nygard? Ingen er seg sjølv. Held seg ikkje på jordi. Torer ikkje vera einfel. Kanskje Kaste kjem næraast.

9.9.1971:

Olav Kaste sine dikt handlar ofte um slike nifse upplevelingar, på grensa til det yversanselege. Dikti hans er gode.

1.5.1974:

Geirr Tveitt og Gisle Straume og Birgitte Grimstad med program og samtale med Olav Kaste. Godt. – Kaste fær ein liten note i uppslagsbökene no. Berre han ikkje vert ein stor mann i framtidi. Det kjem til å gå med han som Nerval.

## Gamalt og nytt frå tysk romantikk

Av Ronny Spaans

*Tranene til Ibykus. Klassisk og romantisck tysk lyrikk*

Utval, gjendikting og etterord ved Johannes Gjerdåker. 147 sider  
Det Norske Samlaget. Oslo 2002

Det hev vore sagt at det kjem for lite umdiktingar av utlendsk litteratur. Kikar du på kven som set um utlendsk lyrikk til nynorsk, kann du mesta telja deim på eine handi! Storparten kjem ut i bokrekka *Samlagets gjendiktingar*, og dikt i klassisk form stend Per Olav Kaldestad og Johannes Gjerdåker for. I år er både aktuelle med nye bøker: Kaldestad med umdiktingar av Shakespeare, medan boki til Gjerdåker heiter *Tranene til Ibykus* og tek for seg klassisk og romantisk tysk diktning.

Det er for so vidt kjende poetar som hev sysselsett Gjerdåker i lang tid. Goethe, Schiller, Heine, Nietzsche og von Hofmannsthal er namn vi kjennen att frå skulen eller andre antologiar. Men Gjerdåker hev òg arbeidt med diktarar som eg trur er ukjende for dei fleste nordmennar: Clemens von Brentano, Joseph von Eichendorff, Carl von Platen, Nicolaus von Lenau og Detlev von Liliencron. I eit fylligt etterord fær vi vita kven dei er; stort sét unge mannlege studentar med ein krunglut veg til diktingi. I sume tilfelle hadde faren tiltenkt deim eit anna levebrød, og i andre tilfelle hev ufred ført deim burt frå heimstaden og slottet – dei fleste var av adelsætt – og ikkje minst hadde kvar diktar sine eigne suter: Heine var av jødisk blod og laut emigrere til Paris, von Hofmannsthal fekk skrivekrampe då modernismen tok til og Nietzsche vart som kjent galen! Gjerdåker held seg til den jordnære biografien i etterordet. Stundom er det godt å lesa dikt uavhengig av tunge idéhistoriske forklaringar.

Eit anna sams drag hjå desse tyske diktarane er interessa for den nasjonale folkediktingi og millomalderballaden. Denne interessa gjekk att i heile den romantiske tidbolken og breidd seg upp til Skandinavia. På norsk-dansk dikta Welhaven og Andreas Munch mengder med slik draumvoren lyrikk. Wergeland var òg innum, men stod meir i gjeld til den engelske og franske romantikken. Den tyske lyrikken vart alt på denne tidi umsett. Soleis stend Gjerdåker i ein lang

og viktig tradisjon. Han var òg støype-skeidi til dei fyrste versi Ivar Aasen og Aasmund Olavsson Vinje skreiv på landsmål. Dermed er det velkjende motiv lesaren finn att i denne boki: græske gudar, furor som stend åleine, jomfruvor og so burtetter. Di verre kann desse motivi taka styringi og diki blir berre illustrasjonar av millomaldermytar og anekdotar, der siste verset endar med eit fyndigt poeng – liksom grenaderen i diktet «Dei to grenaderane» av Heine, som vil drepa seg fordi keisaren hev tapt kriegen, men likevel vera stridsklar under torvi: «då stig eg væpna fram or grav / min keisar, min keisar å verja!». På rimi ser du òg at dette er vers som glid glatt og konvensjonelt: *lagnad – dragnad, ferda – verda og straumen – draumen*.

veit å bruke mytane og diktarolla til å forme klåre, ævelege sanningar. Humanisten kann brjote ut beint mot gudane: «Eg veit ikkje noko meir stakkarsleg / under sola, enn dykk gudar!». Og symbolisten von Hofmannsthal skriv dikt som ikkje hev eintydigt innhald – til dømes det uroande diktet «Føre dag», som ikkje slepper taket, men som eg må lesa um att og um att.

Når eg les umdiktingi av det kjende verset til Goethe «Wandrers Nachlied II», og samstundes tenkjer på attdiktingane av Shakespeare til Kaldestad, blir eg leid. Dette er dikt som eg hev sett umsette til norsk fire-fem gonger fyrr, og eg undrast på um bokreidarane hev mist yversyni. Verset til Goethe hev både Hartvig Kiran og Åse-Marie Nesse gjort um til norsk, og då er ei ny umdikting burtkasta tid, um so eitt eller two ord no vart meir korrekt attgjevne. Det skulde vera rart um bokreidarane hev gjenge tom for idear, når so mange andre klassikarar stend i kø for å koma i norsk målbunad. Her er berre eit fåtal: portugisaren Luis de Camoes, spanskolen Luis de Góngora, nederlendaren Joost van den Vondel og polakken Jan Kochanowski.

Johannes Gjerdåker hev skrive ei finsamling. Han presenterer nye diktarnamn for lesaren, endå eg hadde ynskt han var meir kritisk i utvalet. Når det gjeld handverket, er Gjerdåker kompromisslaus og gjev seg ikkje fyrr han hev funne det perfekte rimet. Attum den leikande stilten i diktet «Trollmannens læregut» av Goethe ligg det mykje sveitte. Slik umdikting er eit tungt arbeid, men gjev meir attende enn ei prosaumdikting. Gjerdåker kann sanne med diktet «Natur og kunst» av Goethe:

*Slik må me ova oss i alt vårt yrke,  
ubundne ånder alltid fäfengt freistar  
når dei mot rein og høgre form vil streva.  
Den som vil stort, må samla all sin styrke;  
i sjolvransaking syner seg ein meistar,  
og ein lova kan oss fridom gjeva.*



August von Platen er ein ætting av Gjerdåker, for han fortel um ei interesse for persiske ghazalar som gav austlege motiv til romantikken. Som kjent hev Gjerdåker òg presentert slik dikting på norsk. Ei onnor form som skil seg ut, er stuttdiki til Schiller og Nietzsche grensar upp til aforismen eller gåta: «Lev, du evige, der hjå den evige eine / Farge, du skiftande, kom venleg til mennesket ned!» segjer diktet «Ljos og farge» av Schiller.

Men det er diktarane som stend på grensa til den tyske romantikken som fester seg til minnet. Klassikaren Goethe

## Endingar i lint hokyn

Bladstjorni hev fenge brev frå ein ung idealist, Øivind Jakobsen i Haugesund. Han segjer han er «ein ihuga tilhengjar av høgnorsken». I brevet kjem han med eit korrektiv til leidarartikkelen åt Myrvoll i fyrtse nummeret:

«Når Klaus Johan Myrvoll skriv i fyrtse nummeret av Målmannen at Ivar Aasen og Aa. O. Vinje bøygde *gjentor* – *gjentone*, so er no ikkje det den fulle og heile sanninga. Aasen og Vinje skrev *gjentor* – *gjentorna*; altso med *r* og *a* i bøygningsendinga i bunden form fleirtal. Det samstava med målføra i indre Hardanger, i Sogn, Valdres og Hallingdalen – og dertil samstava det med gamlnorsken. Den bundne fleirtalsendinga *one* vart (diverre) tillaten i skulane (men ikkje i lærebøker) først i 1910. Den avstumpa bundne endinga *-one* blei gjord obligatorisk i 1917 og kan segjast vera ein av spikrane i kista å Aasen-normalen.»

Jakobsen hev heilt rett i at korkje Aasen elder Vinje skrev *gjentone*, so det var ulaglegt av Myrvoll å setja skaldane i éin bås (*-or*, *-one*). Vinje kunde elles skriva *gjentur* – *gjenturne* òg, soleides t.d. i *Ferdaminni* (1861). Hovudpoenget åt Myrvoll var like vel at alle dei skaldane han nemnde (Aasen, Vinje, Blix, Garborg, Sivle, Hovden, Aukrust, Vaa og Hauge) hadde nytta ulik ending i sterke og linne hokynsord *både* i eintal (*bygdi* – *visa*) og mangtal (*bygder/bygdir* – *visor/visur*), og at det er rangt når Språkrådet hevdar at desse måldragi ikkje heng i hop. I ein slik samanheng får skilnaden millom *gjentorna* og *gjentone* mindre å segja; det avgjerande er at endeljoden er *o*, og ikkje *e*. Men rett skal vera rett, og Jakobsen skal hava takk for at han minner oss um brigdet.

Dvergemålet

## Vil professor Jervell avskaffa helvete?

### Av Tore Lund

*Jesus. Evangeliene etter Markus, Matteus, Lukas og Johannes*

Oversatt og med et innledende essay av Jacob Jervell  
De norske Bokklubbene 2002

Torsdag 31. oktober stod fylgjande å lesa i den kristelege dagsavisa *Dagen*:

«Til «Dagens» referat for mandag 21. oktober fra Gunnar Johnstads uttalelse om at Jacob Jervells evangelie-oversettelse ikke er preget av liberal teologi, er det bare én ting å bemerke: Det er selvsagt definitivt umulig for en person som Jervell, som (til og med på flere områder) konkret fornekter Bibelens vesentlige sannheter, i det hele tatt å oversette Guds Hellige Skrift.»

Dette lesarinnlegget segjer ikkje so reint lite um debattnivået i visse «kristelege» krinsar. Nokon kommentar ut yver dette skulde ikkje vera turvande.

No kann ein undrast yver at ei ny umsetjing av bibelske skrifter vekkjer slik åtgauum. I åri etter krigen hev det kome ei mengd umsetjingar av Det nye testamentet, dei fleste til bokmål. Det byrja med umsetjingi åt professor Lyder Brun, som kom i 1945. Den sokalla ungdomsumsetjingi, ein slags fyregjengar for den planlagde nyumsetjingi åt Bibelselskapet, kom på bokmål i 1959, på nynorsk i 1961. Det evangelisk-lutherske kirkesamfunn kom med ei språkleg konservativ utgåva i 1960, der dei millom anna heldt fast på former som *I* og *eder*. So kom den katolske umsetjingi åt pater Erik Gunnes i 1968. I 1973 kom *Det nye testamente på moderne norsk* på Acta forlag. Den lenge venta umsetjingi åt Bibelselskapet kom i 1978 (bokmål og nynorsk), lett revidert i 1985. (Ein ny revisjon er planlagd ferdig i 2003.) Som ei motvekt mot umsetjingi åt Bibelselskapet gav Carl Fr. Wisløff, Arthur Berg og Thoralf Gilbrant i 1988 ut ein «motbibel» under namnet *Norsk Bibel*. Nynorsk utgåva kom i 1994. Og som um ikkje dette skulde vera nog, kom Hermon forlag i 1997 med *Den norske King James-oversettelsen*, kalla soleis fordi umsetjingi byggjer på det same handskrift-grunnlaget som den klassiske engelske umsetjingi frå året 1611.

Tilhøvet millom umsetjingi åt Bibelselskapet (NO) og *Norsk Bibel* (NB) speglar att two prinsipp som ein bibelumsetjar må taka stoda til: På den eine sida ei konkor-

dant umsetjing, det tyder ei mest mogleg ordrett umsetjing, og på den andre sida ei idiomatisk umsetjing, som er ei meir fri umsetjing der ein legg vekt på å fram sjølv meiningi i teksti. Ingi av desse prinsipi lèt seg gjenomføra heilt ut. Ei konsekvent ordrett umsetjing kann verta heilt meiningslaus. Ein fær ikkje fram den rette meiningi dersom ein alle stader set um græsk *sárx* med norsk «kjøt» eller græsk *psykjé* med norsk «sjæl». På den andre sida kann ei gjenomførd meiningsumsetjing koma til å segja noko anna enn upphavsteksti. I praksis stend alle bibelumsetjingar einkvan staden på ei lina millom desse two ytterpunkt. NO stend nærast ei idiomatisk umsetjing, noko som herrane Wisløff, Berg og Gilbrant reagerte mot ved å gjeva ut den meir ordrett umsette NB.

Men lat oss ikkje gløyma Jehovas vitners *Ny-verden-oversettelse*, som kom i 1991. Jamvel um denne umsetjingi i fleire samanhangar er merkt av dei sereigne læresettingane åt vitni, so er her fleire gode formuleringar som Bibelselskapet kann henda burde kika nærare på. Til dømes fortel ikkje Jesus likningar, men han kjem med «illus-trasjonar! Og det gjev god mening, jamvel um ordet språkleg sét ikkje svarar heilt til det græske *parabolé*.

### Det store ramaskriket

Her låg altså fyre ein heil flora med nyare norske NT-umsetjingar fyrr Jervell kom med utgåva si. Og ingi av desse tidlegare umsetjingane vakte noko ramaskrik millom kristenfolket då dei kom ut. So kvifor i all verdi alt dette bråket kring umsetjingi åt Jervell? For Johnstad hev då heilt rett: Umsetjingi åt Jervell er ei nogrann attgjeving av den greske grunnteksti, utan nokon spor av umtolking i «liberal» leid.

Men ramaskriket kom då nokon oppdaga at Jervell hadde «avskaffa» helvete og sett inn ordet *Gehenna* i staden. Og ein tuklar ikkje ustraffa med helvete i norsk ordskifte! Til det er berre å svara at ordet *Gehenna* er nett det ordet som dei nytestamentlege forfattarane nyttar sjølve!

Ja, men kvifor kann me ikkje setja um ordet til norsk? Jau, det kann me vel gjera, men saki er berre den at *Gehenna* er ikkje noko græskt ord i det heile teke. Det er eit hebraiskt ord, som i grunnteksti vert skrive med græske bokstavar. Dei nytestamentlege forfattarane, som skreiv på græsk, hev med andre ord ikkje umsett ordet sjølve, og

difor bør ei norsk umsetjing holder ikkje gjera det dersom ho vil vera bibeltru.

Den latinske umsetjingi Vulgata av Hieronymus (ferdug i år 450) nyttar ordet *Gehenna*. Det same gjer dei gamle syriske og armenske umsetjingane. Og gjeng me yver til vår eigi tid, so syner det seg at ei rad moderne europeiske umsetjingar av Det nye testamentet nyttar dette ordet òg. Til dømes den franske (1967), der formi *Géhenne* er nyttta. Og fyrr Jervell hadde både Gunnes og Jehovas vitner teke *Gehenna* i bruk på norsk.

So dette er slett ikkje noko nytt påfynster frå Jervell si sida.

### Hinnomsdalens og helvete

På hebraisk lyder ordet *Ge-Hinnóm*. *Ge* tyder 'dal', og formi *Gehenna* kjem via arameisk *Hennám* – arameisk var talemålet åt jødane på Jesu tid.

Som truleg mange veit, er Hinnomsdalens ei djup kluft sudvest for Jerusalem. Her hadde dei i tidlegare tider millom anna drive med barneofringar (2. Kong. 16,3; Jer. 32,35). På Jesu tid vart staden nytt til avfallslass for Jerusalem (byporten i sudmuren i gamlebyen vert enno den dag i dag kalla «Mykjarporten»). Og for at søpli ikkje skulde verta liggjande og lukta i varmen, vart det heile tidi brent, jamfør nemningi «Gehennas eld» (Matt. 5,22; 18,8f).

So det er ikkje minste rart at denne fælslege staden vart nytt som eit bilæte på den ævelege fortapingi.

Me hev for resten mange slike hebraisk-arameiske ord som vert attgjevne utan å setjast um i Nytestamentet: *Amen*, *halleluja*, *hosanna* med fleire. Skal me setja um desse ordi òg?

Elles er det norske ordet *helvete* ikkje utan vidare nokor vellukka umsetjing av *Gehenna*. Ordet er henta frå norderlendsk mytologi, der *Hel* var namnet på gudinna i dauderiket, medan gamalnorsk *vítí* tyder «straff». Å gjeva att det bibelske *Gehenna* med eit ord frå gammal norderlendsk heidenskap, lær ikkje heilt vel i mine øyro!

Nei, den røynde grunnen til alt bråket var nog at Jervell i eit intervju hadde fortalt at han medvite hadde valt ordet *Gehenna* for å koma burt frå dei ubibelske fyrestellingane som er knytte til ordet *helvete* – fyrestellingar som meir hev sitt upphav i Dantes *Divina Commedia* enn i Bibelen.

Folk flest tenkjer ofte på helvete som ein stad der djevelen og hans folk sit og torturerer alle dei stakkars sjælene som

ikkje hev vore gode nog til å få ein plass i himmelen. Men det er ikkje bibelsk læra. Tvert imot er Gehenna den staden der djevelen saman med alle vondemaktene skal kastast etter domen på den store endetidsdagen (Åp. 20,10). Difor er det ingen i helvete enno. Det hender først etter verdsdomen (Matt. 25,31-46). I millomtidi er dei daude i eit tilstand som vert kalla *Hades*, eit ord som til vanleg vert umsett med «dødsriket», sjå forteljingi um den rike mannen og Lazarus (Luk. 16,19-31).

### Kana'ans mål

Jervell held for det meste fast ved dei tradisjonelle norske nemningane for bibelske hovudumgrip. Slik som umgripet *Guds rike*, som er eit hovudord i Jesu forkynning i dei synoptiske evangelia (Matteus, Markus og Lukas).

No er ikkje ordet *rike* ei heilt vellukka attgjeving av græsk *basileía*. Med *rike* tenkjer me på eit landumråde, slik som Frankrike eller Ringerike, og segjemåten *Guds rike* fær mange til å tenkja på sjølv himmelen som Guds bustad. Det græske ordet er ei avleiding av *basilévs*, som tyder 'konge' (jamfør framandordet *basílika*), og den beste umsetjingi hadde difor vore noko slikt som «kongsmakt» eller «kongedøme». Her meiner eg Jervell burde ha fylgt professor Lyder Brun, som fylgjerett nyttar nemningi «Guds kongedømme» i umsetjingi si. Det same hev Vulgata med *regnum Dei*, som på fransk vert til *le royaume de Dieu*.

Kann henda burde han ha bytt ut det græske *evangélion* med det norske ordet *gledesbodskap* òg? Eller kvifor ikkje *gladmelding*? Men det siste lær kann henda for kvardagslegt.

Elles nyttar Jervell sjølvsagt eit idiomatisk prinsipp der det er naudsyn for å få fram meinings på norsk. Ei ordrett umsetjing av Joh. 11,3 hadde lydt soleis: «Herre, sjå han som du elskar, er veik.» Denne bruken av ordet *sjå* er ugræsk og kjem av påverknad frå hebraisk – her hev me soleis eit tilfelle av hebraisk-græsk. Men det som skaper vanskar, er ordet *elskar*. Det kan gjeva assosiasjonar som ikkje høver her, serskilt ettersom det gjeld tilhøvet millom two menner. Det rike græske språket hev heile fire ord for «kjærleik», ord med ulike meiningsnyansar. Det græske ordet som er nyttta her (*filéo*), tyder berre 'lika, setja pris på, tykkja vel um'. Jervell set difor um verset soleis: «Herre, din gode venn er syk.»

### Ingi sauder hjå Jervell

Eit par merknader: I Matt. 12,34 hev Jervell utegløymt andre helvti av verset. («For det hjarta er fullt av, det talar munnen.») Og han set opp Markusevangeliet fyre Matteusevangeliet. Det vanlege er å prenta Matteus fyrst, av di han hev so mange sitat frå Det gamle testamentet og på det viset fungerer som ein bindelekk millom det two testamenti. Men her hev Jervell tenkt kronologisk – Markusevangeliet er det eldste av dei fire evangelii.

Slik det no er vanleg i moderne bibelutgåvor (undantak er *Norsk Bibel* og umsetjingi åt Det evangelisk-lutherske kirkesamfunn), hev Jervell gjenge burt frå den uvanen å laga nye tekstavsnitt for kvart einskilt bibelvers, noko som øydelegg og bryt upp samanhanga i teksti. I staden deler han inn i naturlege avsnitt etter meinings og samanhangen. Men yverskriftene til dei einskilde avsnitt er sjølvsagt Jervells eigne. Det er elles viktigt å vera klår yver at innbolkingi i kapitel og vers ikkje fanst i originalmanuskripti, men er sette til fleire hundradår seinare. Kapitel-innbolkingi kom på 1200-talet, og vers-nummereringi kom først etter Luthers tid.

Endå Jervell nyttar konservative riksmålsformer, ligg målföringi hans nær opp til vanleg daglegtale. Lange og innfløkte periodar stykkjar han opp i stuttare einingar. Eit lite serdrag som kann nemnast, er at han fylgjerett nyttar ordformi *Far* i staden for det meir gamalvorne *Fader* um Gud. Difor lærer Jesus læresveinane sine å beda til «Vår Far, du som er i himmelen» (Matt. 6,9).

Men elles er her ikkje mykje som skulde kunna øsa upp ihuga riksmålsfolk. Til dømes finst det ikkje so mykje som ein einaste saud hjå Jervell ... Her finst berre «får». So gamle bibellesarar kjem nok til å kjenna seg att!

Tore Lund er fødd i Haugesund 1934. Cand. theol. frå Universitetet i Oslo 1963. Hev òg ped. sem. og musikk millomfag. Studieupphald i Jerusalem, Los Angeles, Amsterdam og Berlin. Lektor ved Høgskulen i Bodø 1964–69 og ved Høgskulen i Bergen 1969–97. No er han pensjonist og frilansjournalist. Hev skrive Musikk utenom Europa (1982) og Gresk glosehjelp til Det nye testamente (2000), forutan ei rad artiklar i tidsskrift og pressa.

## Solid og levande om H. C. Andersen

AV K. E. STEFFENS

Jackie Wullschlager:  
*H. C. Andersen. En biografi*  
 Hans Reitzels Forlag  
 København 2002

I eit internasjonalt, eller jamvel, for å vera à jour, «globalt» perspektiv, er H. C. Andersen det største namnet i dansk bokheim. Han høyrer liksom Ibsen hjå oss til verdslitteraturen i den tydinga at namnet hans er kjent og verk av honom vert lesne, granska og vurderte i alle land med ein viss litterær og akademisk produksjon og kultur.

Men medan Ibsens verk er so å segja utilgjengeleg for born, er Andersens namn i det ålmenne medvitet knytt til omgrepet «barnelitteratur» og, meir spesifikt: «ein forfattar av eventyr for born». Dette er både urettvist og misvisande, for Andersen var kjend som romanforfattar og lyrikar før han hadde skrive eit einaste eventyr, ja det var som forfattar av romana og dramatikk han venta og vona på ære og frægd.

Men er ikkje Kierkegaard og kanskje Grundtvig vel so store namn i dansk litteratur? Til det er å segja at den fyrste øg er verdkjend og t.d. eit stort namn i Japan, men det er som filosof og ikkje som diktar han fyrst og fremst ruver. Når det gjeld Grundtvig, er han sjølv sagt ein gigant i dansk åndsliv, men liksom med Bjørnson hjå oss er det relativt lite av den store produksjonen hans som er aktuell og levande, og samanlikna med Andersen og Kierkegaard er han internasjonalt sett ein ukjend storleik.

No må ein også sanna at Andersens renommé både hjå born og vaksne snaudt byggjer på meir enn ei tylft av alle dei 156 eventyra og «historier» han skreiv. Ein stor del av dei er faktisk so «gjenomsyra» av historisk-biografiske tilhøve og omstende at dei krev ein god del bakgrunnsstoff og kommentarar for at dei skal opna seg og verta forståelege endåtil for litterært interesserte vaksne i dag. Og ein kan tvila på om serleg mange born i vårt moderne Noreg vert oppglødde av «klassiske» eventyr, og då tenkjer eg både på Andersens og Asbjørnsen og Moes. Spursmålet er om ikkje barnefantasien i vår moderne vestlege verd vert forma og fyld av fyrestellingar og tildriv som gjer mykje av dette stoffet uspanande og beint fram «foraldra».



Kor som er: i 2005 er det 200 år sidan Andersen vart fødd, og Danmark vil bruka 150 millionar kroner på ei global markering og feiring av dette jubileet. Året etter er det 100 år sidan Ibsen døydde, og sanneleg skal det verta interessant å sjå kor raus den norske staten vil vera når det skal planleggjast og markerast.

Desse to kultane møttest ein gong, men i denne biografien får me berre vita at Andersen likte personen Ibsen, men reagerte forstøkt og uviljug på *Peer Gynt*. Han vart elles godt kjend med Bjørnson, som han møtte i Roma i 1861 og i fleire år hadde brevkifte med, og det var han som fekk lokka Andersen til ei vellukka vitjing i Noreg i 1871.<sup>1</sup>

Styrken ved denne engelske biografien, som no er komen på dansk, ligg i fylluge, velskrivne og godt dokumenterte skildringar av Andersen i eit europeisk sosialt og kulturelt miljø. Han fekk tidleg eit namn utanfor Danmark, ja han klaga og sutra i årevis over kor lite verdsett han var heime, medan han var elsa og påskyna i dei store kulturlanda. Snaut nokon dansk forfattar hev reist meir enn Andersen, ein trong han realiserte trass i mykje otte og mange slags twangstankar før og på reisene. Og trass i at han såg underleg og avstikkande ut og var ein umåteleg sjølvoppteken mann, åtte han ein slik charme og hadde eit slikt talent, ja geni, at han fascinerte den sosiale og kulturelle eliten i Europa og vart fetert og dyrka som ingen annan dansk åndshovding korkje før eller sidan. Serleg i Tyskland slo han tidleg igjenom (tysk var det einaste framande språket han meisstra), og der vart han framifrå vel mot-

teken ved både kongelege og fyrstelege hoff med Sachsen-Weimar som det mest kjende dømet.

Men det var tilhøva i Danmark, viljen og godhugen hjå framståande medlemer av den høgre millomklassa som gjorde det mogeleg for Andersen og andre talent frå folkedjupet å realisera seg sjølv sosialt og kulturelt. Wullschlager får godt fram at det var denne «romantiske» overtydinga om eit rikt potensial i folkedjupet og vilje til økonomisk studnad som gjorde det mogeleg for ein slik «Sumpplante» som Andersen å falda ut dei rike evnene sine.

Når han kunne nyitta eit slik ord om seg sjølv (ikkje nemnt i denne biografien), tenkte han på ætta si og det både sosialt og moralsk ringe toet som var råmaterialet og vokstergrunnen hans.<sup>2</sup> Han distanserte seg so heilt og fullt frå denne genealogiske bakgrunnen at ikkje ein einaste slektning melde seg og var til stades då han vart gravlagd. At Andersen var ein mann utan slektskjensle ser ein både i tilhøvet til den uekte fødde halvsystera og i det han skreiv i sjølvbiografiane sine. Det gjeld å framheva sitt eige «eventyr» og med omhugsam sjølvkjærleik syna korleis Forsynet trass i store vanskar og mykje motgang hev syrgt for at han vart den verdkjende og høgt elsa diktaren og endåtil vart fetert og æra i heimlandet sitt.

Og sjølv sagt var det litt av eit eventyr, men i grunnen er t.d. Knut Hamsuns sjølvrealisering meir eventyrleg og fantastisk enn Andersens.

Naturleg nok får tillhøvet til Collin-familien ein breid plass, for utan Jonas Collin og hans omsut og interesse for Andersen hadde han snautt greidt seg i nokre kritiske år fram til examen artium i 1828. Jamaldringen Edvard Collin, som ikkje ville vera dus med Andersen (ei beint fram traumatiserande røynse for den unge diktaren), skreiv i det i 1882 utgjevne verket *H. C. Andersen og det Collinske Hus*, at der var noko sjukt i lynget åt Andersen.

Men han konkluderte med at han var grunnleggjande god. Wullschlagers biografi stadfester i det store og det heile denne domen, som også samstavar med vurderinga åt Bjørnson, som ikkje var nokon ring menneskekjennar. Elles skulle eg ønskt noko om tilhøvet millom liv og

verk: tolkingane av Andersens tekster kan stundom verka for «naivt» psykologiserande og historisk-biografiske. Liv og verk heng i hop, men den skapande fantasien, som hjå Andersen var sterkt romantisk inspirert (Wullschlager peikar på kor viktig E. T. A. Hoffmann var for honom), kan ha stort sjølvstende og grunnleggjande transformera det personlege «råmaterialet» i samsvar med meir eller mindre rådande litterære genrar og motiv.

Dette rører ved det eg ser som den einaste ålvorlege veila ved denne boka, nemleg framstellinga av Andersens kynsliv. Det verkar som om forfattarinna på dette omkvervet hev ein trong til å markera seg med noko nytt og radikalt i motsetnad til tidlegare dansk gransking og vurdering. Denne granskinga hev ikkje på noko vis vore sensurerande, men hev konkludert med at Andersen etter alt å døma var naturleg heteroseksuell, men

aldri fekk realisert denne legninga. Der er sterke og stundom eksalterte ytringar i Andersens brev og dagbøker andsyner sume menn, men ikkje noko som tyder på seksuell samhandling med desse venene. Uttrykk for sterke og varme kjensler vene imillom var elles normalt i Andersens samtid med røter og opphav i dyrkinga av sensibiliteten hjå Rousseau og andre forfattarar på 1700-talet.

Men bortsett frå dette feilskjeret vil eg konkluderande slå fast at dette i det store og det heile er ein solid og levande framstelling av livet og miljøet til ein merkjeleg og til dels bisarr person, som i sume av verka sine nådde det geniale og framleis hev ein trygg plass i verdsitteraturen.

ein finn i *Essays i utvalg* (1964). (Ikkje oppførd i Wullschlagers bibliografi.) Av brevskiftet ser ein at dei to diktarane vurderte kvarandre sers høgt, men at Bjørnson etter 1871 av uklare grunnar ikkje svara på fleire brev frå Andersen som «hadde lengtet sårt etter brev fra Bjørnson». Kanskje Bjørnson på eit vis hadde vorte trøytt og leid av Andersen, liksom Dickens, då Andersen vitja England i 1857 og budde hjå honom i 5 viker. Men Bjørnson heldt so lenge han levde fast på at Andersen var ein stor og genial diktar.

<sup>2</sup> Om «Sumpplante», sjå Elias Bredsdorff: *H. C. Andersen. Mennesket og digteren* (1979), s. 19. Elles er det godt at Wullschlager sparar oss for det forsruva påstandet om at Andersens far var den seinare kong Christian VIII. Ein annan engelsk biograf, Alison Prince, hev å døma etter innleidinga til boka om Andersen som ho gav ut i 1998, langt på veg teke dette tøvet for god fisk.

#### Notar:

<sup>1</sup> Francis Bull hev skrive ein god artikkel, «H. C. Andersen og Bjørnstjerne Bjørnson», som

## Song av Robert Burns Ved Johannes Gjerdåker

Denne songen, «From thee Eliza, I must go» er ein av dei fyrste Robert Burns dikta, truleg i 1782 då han var 23 år gammal. Det er umstridt kven Eliza var, ho som diktet er gjeve til. Den skotske folketonen som Burns dikta til, er sers vakker. Atterdiktingi som fylgjer her i Målmannen, hev ikkje vore prenta fyrr.

### Frå deg, Eliza, må eg dra

Frå deg, Eliza, må eg dra  
og frå mitt fedraland;  
imillom oss vår lagnad la  
eit hav med umild hand,  
men hav som bryt frå vest til aust  
imillom deg og meg,  
kann aldri, aldri slita laust  
mitt liv, mi sjæl frå deg.

Far vel, far vel, Eliza kjær,  
min tanke dag og natt;  
ei røyst i øyra kviskrar nær:  
Me møtest aldri att,  
men ved mitt siste andedrag,  
når Dauden kjem og vinn,  
er ditt det siste hjarteslag,  
min siste sukk er din!

EARLY POEMS 1774-1784

II

9. Song

Tune, Gilderoy

Slow

## Mannen som gav oss lyklane til Egypt

Av Klaus Johan Myrvoll

Lesley og Roy Adkins:

*Nøklene til Egypt. Kappløpet om å løse hieroglyfenes gåte*

Umsett av Knut Johansen  
301 sider. Cappelen 2001

*Nøklene til Egypt* er soga um kapplaupet som utspenn seg då nokre av dei fremste vitskapsmennene i Europa kjempa um å verta fyrst til å tyda dei gamalegyptiske skriftteikni, hieroglyfane. Samstundes er det soga um livet å fransmannen Jean-François Champollion (1790–1832). Det er med andre ord både ei vitskapssogebok og ei livsskildring. Men desse two tingi heng nære saman, med di det var Champollion som knekte koden og dimed utklassa mottevlarane sine.

Det var truleg ikkje tilfellelegt at det vart nett Jean-François Champollion som løyste gåta som hieroglyfane hyste. Når alt kjem i hop må han vera eitt av dei største flogviti som soga åt málvitskapen kjenner. Han synte tidleg ein uvanleg tame til å tileigna seg mål, og då han var 12 år gamal, las han græsk og latin so vel at han fekk byrja med hebraisk, arabisk, syrisk og kaldeisk (arameisk), alle semitiske mål av den afro-asiatiske málætti. Fåe år etter kasta han seg yver dei då mystiske hieroglyfane, som skulde visa seg å gjeva att ei onnor grein av den same málætti, egyptisk. Han såg seg snøgt ut det som skulde verta livsuppgåva hans: å finna fram til lyklane som kunde opna upp det egyptiske universet. I 1805 kom han med denne lovnaden til Egypt (s. 76 i boki): «Det er mitt ønske å gjøre dette landet til gjenstand for dype og langvarige studier. [...] Av alle de folkeslag jeg elsker høyest, sverger jeg at ingen fortrenger egypterne fra mitt hjerte.»

I meir enn tusund år hadde det ikkje funnест nokon som kunde lesa dei gamle egyptiske skriftteikni. Det skorta ikkje på tydingsfreistnader, men alle mislukkast, anten av di dei hekk fast i fyrestellingar um at hieroglyfane (som i stor mun er uppbygde av attkjennelege bilæte av naturlege elder menneskeskapte ting) var myrke symbol elder umskrivingar av løynde visdomar, elder av di dei heldt seg til den løgne tanken at egyptisk skulde vera upphavsmålet åt kinesisk! Dessutan var tilfanget av autentiske tekster speitt, og det urde med «falske» hieroglyfar i bøker um emnet.

Styrken åt Champollion var at han

innsåg tidleg at det laut vera ein samanheng millom det gamalegyptiske målet i hieroglyfane og koptisk, målet som vart trengt attende då kalifen hertok Egypt på midten av 600-talet, men som vart halde i hevd millom kristne egyptarar. Difor sette han alt inn på å læra seg dette målet grundigt. Soleides kunde han snøgt prøva ut ulike lesingar av hieroglyfane upp mot ordrøter i koptisk, og nysta upp samanhengane. Attåt den uvanlege givnaden for mål, hadde Champollion eit makelaust godt bilættlegt minne. Det gjorde honom i stand til å kjenna att teikn som liktest kvarandre millom dei mange tusund hieroglyfane han skulde granska, og han kunde bæsa deim i flokkar av samhøyrande teikn.

Det var først med herferdi å Napoleon i Egypt 1798–1799 at utgranskingsi av den gamle kulturen og soga åt Egypt skaut fram. Fram til då hadde dei store arkeologiske rikdomane som Egypt hyste, vore mesta ukjende for europeiske vitskapsfolk. Her som i mange andre tilfelle var krig utløysingi for vitskaplegt framstig. For jamvel um herferdi i seg sjølv ikkje var vellukka, greidde eit yrkjeslag frå Det franske instituttet i Paris å henta ut ei stor mengd opplysningar og arkeologisk tilfang, m.a. teikningar og avskrifter som vart utgjevne i *Description de l'Égypte* («Skildringi av Egypt», 1809–1828).

Mest å segja for tydingi av hieroglyfane fekk funden av ein Stein med gamle innskrifter ved byen Rosetta. Denne steinen vart seinre førd til London og British Museum, og vart kjend under namnet *Rosetta-stenen*. Det som gjorde denne steinen so avgjerande, var at han bar den same innskrifti i tri ulike mål og skriftsystem: græsk, egyptiske hieroglyfar og yngre egyptisk med demotisk skrift. Soleides kunde ein halda dei ulike tekstene opp mot einannan. Serleg galldt det å jamføra namn på kongelege, som var lett å kjenna att i teksti med hieroglyfar med di dei var skrivne med kartusjar, avrunda råmor som skil deim ut frå resten av teksti.

Etter kvart kom det til å skilja seg ut two hovud-mottevlarar i kapplaupet um å tyda hieroglyfane: Jean-François Champollion og engelskmannen Thomas Young (1773–1829). Dei var two radt ulike personar. Medan Champollion samla seg fullt og heilt um studiet av

egyptisk, var det meir ei fritidssysla å rekna for Young. Han hadde medisinsk embætteseksamen, og var i lækjaryrkjet all sin dag, berre avbrote av two år då han var professor i naturfilosofi.

Young kom holder seint i gang med å granska egyptisk skrift og mål, og han vart aldri so stodug i koptisk som Champollion. Han gjorde visse framstig m.a. i tydingi av græske namn som *Ptolemaios* og *Berenike* skrivne med hieroglyfar, men av di han heldt fast ved trui på at hieroglyfane var reine symbol elder bilæte, rekna han med at det fanst eit ser-skilt teiknbruks for framande namn. Soleides kom han aldri fram til noko system som kunde nyttast på innskriftene i heil-skap, elder som gav noko djupare skyn for korso skriftmålet verka. Det var det først Champollion som kunde gjera, i 1822, etter 18 år med trottige studiar, og det førde til stor misunning frå hin og kiv millom dei two og tilhengjarane deira i mange år frametter um kven som hadde kome med det avgjerande tilskotet til tydingi av hieroglyfane.

I motsetnad til Young rekna Champollion med at hieroglyfane han fann i dei framande namni, stod for einskildljodar elles i den gamalegyptiske skrifti òg. Difor byrja han å kartlegga teikni i kartusjar med kjende namn frå græsk og romersk tid (333 f. Kr. og frametter), og smått um senn kunde han lesa namni på so godt som alle herskarar yver Egypt i denne tidbolken. Samstundes hadde han bygt seg opp eit heilt hieroglyf-alfabet. Då Champollion fekk avprent av nokre innskrifter frå tempelet i Abu Simbel i posten morgonen 14. september 1822, festa han seg snøgt ved nokre kartusjar han aldri hadde sét fyrr. Etter stutt tid kunde han lesa både *Ramses* og *Thotmes*, namn som han visste vart nytta av faraoar lenge fyrr grækrarane tok yver styringi i Egypt. Med andre ord hadde han funne prov for at gissingu hans var rett! I ør gleda sprang han dei 200 metrane til Det franske instituttet og storma inn på kontoret åt broren og ropte «*Je tiens l'affaire!*» («Eg hev det!»). Han rakk berre å stotra fram nokre fåe ord fyrr han seig ned på golvet. Han vart liggjande i koma i fem dagar fyrr han kom til seg sjølv att og kunde taka upp att arbeidet. Men då hadde han funne lykelen til Egypt.

No losna det for Champollion. Berre ei drjug vika etter at han hadde gjort den

skilsetjande uppdagingi, kunde han gjeva frå seg *Lettre à M. Dacier relative à l'alphabet des hiéroglyphes phonétiques* til prenteverket, og den 27. september heldt han fydredrag um fundane sine i Akademiet for innskrifter og litteratur, der «brevet» vart framlagt. Champollion arbeidde idugt vidare, og på stutt tid hadde han nækt dei mest grunnleggjande reglane for gamalegyptisk skrift, som han skildra i *Précis du système hiéroglyphique des anciens égyptiens* (1824). Her peika Champollion på at reine bilætteikn (*piktogram*), som fram til då hadde vore den rådande tolkingi, berre var éin av «tre hovedtyper av tegn» (s. 184 i boki). Dei two andre var *ideogram* (teikn som stend for heile ord, utan noko beinveges samsvar med bilæt) og *fonogram* (kalla «fonetiske symboler» i boki; teikn som stend for ljodar, anten éin, two eller tri), «samtidig brukt på spesielle måter, som for eksempel determinativer». Dette er ei meir angmoska innbolking enn den som er vanleg i dag, og ho skil i røyndi millom *fjore* slag, og ikkje tri, som boki segjer (determinativ lyt reknaast for ein eigen flokk). Det vanlege i dag er ei trikljuving millom *ideogram* (som femner um både piktogram og ideogram i den eldre innbolkingi), *fonogram* og *determinativ* (tilleggsteikn som er lagde til enden på ord til å segja noko um kva for eit ord det er).<sup>1</sup>

Denne usemja millom *Nøklene i Egypt* og nyare fagbøker um emnet syner berre at hieroglyfane er eit innfløkt skriftsystem som det ikkje er beinkløyvt korso ein best skal skildra. Ho stadfester på eit vis ei råkande umdøming Champollion kom med, som boki hermer i samband med uttydingi av dei ulike teikntypane: «Det er et komplisert system, en skrift som samtidig er figurativ, symbolsk og fonetisk, i samme tekst, i samme uttrykk, ja nesten i samme ord».

Det som slær ein når ein les *Nøklene av Egypt*, er kor mykje motgang Champollion møtte, og like vel i kor stor mun han lukkast i å nå dei måli han sette seg. Det gjeng klårt fram at han må ha hatt ein uvanleg stor arbeidsdug, og det kunde truleg leggjast til som ein tridje fyresetnad for suksessen hans attved den naturlege givnaden for mål og det gode bilælege minnet. Gjenom heile livet arbeidde han frå tidleg um morgonen til seint på kveld. Mykje av tidi gjekk med til å vinna oppgåvor han vart pålagd gjenom arbeidet sitt – sume tider hadde han heile tri yrke på ein gong – og han laut stundom

taka natti til hjelp skulde han koma vidare i studeringane sine.

Alt frå fyrste stund sleit han med skeivlege umstende: Skulane i den avsidesliggjande heimbyen Figeac i Sudvest-Frankrike var stengde med grunn i uro etter den franske revolusjonen, og Champollion fekk ingi røynleg skulegonga fyrr han var 10 år gammal og kom til broren Jacques-Joseph i Grenoble. Den fyrste tidi hadde han privatlærar og fekk lesa mykje dei emni han totte um, men i 1804 byrja han på ein streng kostskule der alt ålag var fastlagt fyreåt, og Champollion fekk lite høve til å samla seg um det han retteleg vilde granska: orientalske mål. Han vantrevist frå fyrste dag og klaga storleg i brev til broren, men vart tvinga til å halda ut dei tri åri utdaningi vara.



Jean-François Champollion

Etter two år med trottug lesing i Paris vart Champollion utnemnd til professor i oldtidssoga på det nyskipa universitetet i Grenoble i 1809, berre 19 år gammal. Der kom det snøgt upp i dagen at han var yvertydd demokrat og republikanar, og han fekk vanskar med å verta godteken av dei konservative og noko forstokka yrkjesbrørne sine, som attåt var misunnelege på det unge flögvitet. Det at Champollion hevda synspunkti sine urædt og skreiv satiriske spilstykke og nidvisor der han hengde ut meiningsmotstandarane sine, gjorde ikkje saki noko likare. Frankrike var ustødig på denne tidi, og det skifte mykje kven som sat med makti. Champollion valde stødt «rang» sida, m.a. studde han Napoleon då han vende attende frå utlægdi i 1815, yvertydd um at styret hans var eit mindre vonde enn det attreiste kongedømet, og det førde til at han vart fråteken arbeidet sitt på universitetet og biblioteket i Grenoble meir enn ein gong. Då Champollion miste stillingane sine for godt våren 1821, flutte

han til broren i Paris. Der vart han gangande utan fast arbeid, med den fyremunnen at han kunde nyttta all tidi si på egyptisk. Det var i denne eintrottuge bolken, der han sat bøygd yver hieroglyfane frå morgen til kveld, at han gjorde det endelige gjenombrotet 14. september 1822.

Forutan vanskane han fekk for skuld det politiske engasjementet sitt, sleit Champollion med ulike sjukdomar gjennom heile livet. Mykje av dette kom av det harde arbeidspresset radt attende til studiedagane, då syni var truga med grunn i all lesingi. Etter kvart fekk han alle slags plågor, m.a. plågast han med podagra, og serleg ålvorleg var lunge-sjukdomen han hadde. Dei mange vanskane og atterslagi som Champollion møtte, vert framstelte livfullt og medrivande i boki, m.a. gjennom mange utdrag or brev han lét etter seg. Desse utdraga kann syna ein lyft Champollion òg, t.d. når han kjem med uppglødde skildringar av fundane han og felagane hans gjorde på granskingsferdi i Egypt 1828–29, og tener difor godt til å gjeva eit bilæte av personlegdomen hans.

Alt i alt hev arkeolog-ekteparet Adkins skrive ei kunnskapsrik bok um eit hugtakande emne. Kapitli er uppbygde kring ulike bolkar i livet å Champollion (med namn som «Eleven» og «Læreren»), noko som styrkjer tokken av at det er ei livsskildring. Nett som kapplaupet um å tyda hieroglyfane sprang ut frå felttoget å Napoleon i Egypt, gjev det fyrste kapitelet ei fyllig skildring av denne tilburden. *Nøklene til Egypt* er ikkje meint å vera nokor vitskapleg bok – det er ingi fotmerknader eller kjeldetilvisingar – men ho gjev ei tolleg god innföring i emnet som vert teke upp, serleg sét frå historisk synstad. Ein målgranskarskarhaus kann sakna noko meir utgreidning um det gamalegyptiske målet og um korso hieroglyfane verka, men skrivarane er glupe til å setja upp ei lista yver meir lesnad attarst i boki. Det finst nokre mis-skriwingar her og der, men ikkje so mykje at det skjeplar lesingi nemnande, so nær som ein stad der eit heilt ord hev vorte rangt: «Han påviste at enkelte ord var ganske like på koptisk og demotisk, noe som beviste at koptisk virkelig var en utløper av gammelgresk» (s. 73, mi utmerkjing). Her skulde det ha stade *gammalegyptisk*, må vita. Ein glepp er det vonleg òg når mannen det er bilæte av på baksida av bokumslaget, ikkje er Champollion sjølv, men broren Jacques-Joseph.

Sjå òg fotmerknad nedst på s. 14

## Frie menn bed ikkje grannen um ord

### Islensk målreinsing og måldyrking

Av Torill Hjartåker Hauge

#### Tridje bolken – Islensk målreinsing

Islandingane freistar å verna det eldgamle målet sitt gjennom å reinsa utlendske ord, det tyder å måta deim til islandsk bøygjingssystem og skrivemåte, men retteleg islandsk vert ikkje desse lånordi. Det er den herdige og fantasirike dyrkingi av nyord som er hovudstyrken i målvernet deira, og det er den som gjer islandskt mål vidgjete i dag. Målstriden handlar her mindre um å brigda, meir um å skapa nytt: å skapa nye ord av islandsk røter. Tanken bak dette arbeidet er ikkje berre at nyord skal vera all-islandske, men òg at dei skal vera gjenomsynlege, det tyder at ein skal kunna sjå av samansetjingane kva ordet tyder.

«Nyordet» *sími* er det same som det gamle norrøne ordet *sími*, som tydde ‘tråd’. Ordet hev fenge ei strålande etterföding som namn på eit apparat der ein tråd eller leidning er ein sentral lut, det er telefonen, eller «taletråden», som me her i Noreg kunde ha sagt dersom me òg hadde valt den smale vegen. Då den trådlause telefonen kom, sette islandingane seg på ny inn i tenkjboksen. Dei laut hava idealeit um gjenomsynlege ord i minnet: kunde ein nyitta eit ord som tydde tråd på eit apparat utan nokon tråd som helst? På den andre sida: Ordet *sími* var godt innarbeidt, og mobilen var så nær i ått med tråd-telefonen, at det tyktest unaturleg å laga eit heilt nytt ord for mobiltelefon. Eit prinsipp laut brjotast. Ein innsåg at ordet *sími* hadde fjerna seg so mykje frå den upphavlege tydingi si at det kunde nyttast um noko trådlause øg. Mobiltelefon fekk namnet *farsími*. Andre avleidningar til dette fikse nyordet er *símabréf* for telebrev og *bréfssími* for sjølve telefaksen.

Eit mesta like vanleg moderne apparat er *tölva*, som hev fenge namnet sitt frå *tal* ‘tal’, og *völva* ‘spåkona’. Dette apparatet reknar ut eller spår med hjelp av tal: ei datamaskin. Tallause avleidningar fylgjer

dette holder einfelte ordet: *tölvupóstur* er truleg gjenomsynleg nog òg for nordmenn (e-post). Frå *tölva* er stiget ikkje langt til *alnet*, eit net som spenner yveralt, internettet, stundom òg *kallavefurinn* («veven», *World Wide Web*), eller berre *Netið*.

I stutte ordelag kjem her nokre fleire døme på den språklege «hugarfluginn» åt islandingane:

*þyrla* (frå *þyrla*, ‘virvla noko upp’) – helikopter. Dette nyordet må kjempa med den tilmåta avstyttingi *kopti*.

*sjónvarp* («syn som vert kasta/send») – fjernsyn.

*dagblað* – avis.

*innflutningur*, *útflutningur* – import, eksport.

*einstaklingur* – individ.

*kvíkmynd* (frå *kvík*, ‘snøgg rørsla’, og *mynd*, ‘bilæte’, dermed «rørslebilæte») – film.

*rafmagn* (frå *raf*, ‘rav’, som etter græsk vert kalla *elektron*, og *magn*, ‘kraft’) – elektrisitet

*eyðni* (frå *eyða*, ‘øydeleggja’) – AIDS. Arbeidet med å skapa nyord til denne sjukdomen vakte stor debatt på Island. Ordet *eyðni* hev helst vunne striden, ikkje minst av di uttala minner um den upphavlege, utlendske nemningi.

*-fræði* (etterfeste for vitskapsgreiner, der norsk ofte set det upphavleg græske *-logi*): *godfræði* – teologi, *jarðfræði* – geologi, *málfraði* – grammatikk, *sagnfræði* – historie, *sálfræði* – psykologi.

*fræðimaður*, *-fræðingur* – vitskapsmann. (Her slepp islandingane undan jamstellingsproblematikken, for på same vis som det engelske *man* kan *maður* tyda både ‘mann’ og ‘menneske’.)

Alle desse ordi er døme på vellukka, velbruka nyord. Men av ein ikkje alltid openberr grunn vert ikkje alle nyord tekne i bruk. *Glóaldin* og *bjúgaldin* er nemningar på frukt, *aldin*. *Glóaldin* er ei glødande frukt, men *bjúgaldin* er ei bøygd frukt. Dette tykkjer tydelegvis jamvel islandingane vert for komisk for kvarda-

gen, for dei kjøper og et *appelsína* og *banani/banan*. Her hev dei tilmåta ordi vunne yver nyordi. Ein viktig lut av reinsingi er å leggja trykket på fyrste stavning, noko som gjev islandskn eit sermerkt tonefall. For nordmenn lyder ikkje minst desse two tilmåta ordi komisk i islandsk uttala.

Retteleg smal og krunglut, stundom til og med forvirrande, vert den smale måldyrkingsvegen når ein ikkje eingong godtek utlendske stad- og personnamn, men lagar nyord for deim òg. Kvar hadde du t.d. reist um ein islanding bad deg møta honom i *Borg Englanna*? Vonleg måtte han ikkje ha venta altfor lenge på deg i englebyen Los Angeles. Eit mykje brukar stadnamn i ogso islandsk media våren 1999 var *Svartfjallaland*, landet med dei svarte fjelli, Montenegro.

Slik tvingar islandingane seg til å sjå attum formene, bokstavane. Kva tyder namnet, spyrr dei, og so set dei um tydingi. Namnet fær eit innhald, ikkje berre ei klingande form. Bruken av nyord for sernamn er like vel langt frå fullt gjenomførd. Oftast vert dei utlendske namni nyitta, og stundom blandar dei nyord med utlendske i ei og same tekst. Det hender ofte når *Kryddstelpurnar* vert umtala. Då er sjeldan det originale namnet deira, *Spice Girls*, langt undan. Denne blandingi syner at islandingar flest ikkje hev nokor fanatick, konsekvent haldning i denne saki, men leikar seg med dei islandsk umsette sernamni som ein noko ser, men morosam islandsk spesialitet. Ved personnamn nøgjer ein seg oftast med å ganga den millomste vegen. Ein set til bøygingsendingar, for jamvel sernamn skal bøygjast i fire kasus. *Olav* vert til *Ólafur* – *Ólaf* – *Ólafi* – *Ólafs*, og *Anne* vert til *Anna* – *Önnu* – *Önnu* – *Önnu*.

Strevsam og ser vil mange kalla denne måldyrkingi. Kvifor balar islandingane med det? spyrr siste bolken i denne føljetongen.

*Framhald i næste nummeret ...*

#### Fotmerknad til «Mannen som gav oss lyklane til Egypt», s. 13:

1 I røyndi er innbolkingi åt Champollion so som ho er framlagd i *Nøklene til Egypt* nøgnare og dimed betre: Eit teikn er *piktogram* når ordet som teiknet stend for, samsvarar heilt med bilætet (t.d. når teiknet som

syner ein fot, stend for ordet *rd* ‘fot’), men er *ideogram* når ordet teiknet stend for, ikkje samsvarar med bilætet (t.d. når det same teiknet kann standa for ordet *wart* ‘distrikt’, *sbq* ‘framifrå’ og *ghs* ‘gasella’ òg). Det siste kunde ein med eit greidare ord kalla *logogram* eller «ordteikn», av græsk *logos* ‘ord’. Det vert i alle høve ikkje rett når James P. Allen

segjer at «*ideograms*» er «using the signs to write the word for the object they depict» i *Middle Egyptian. An introduction to the Language and Culture of Hieroglyphs* (Cambridge University Press 2000), s. 3, av di det ikkje tarv vera bilætleg likskap millom teikn og innhald.

## Fram for eit fritt Palestina!

### Svar til Olav Torheim

Den som les fyrste nummeret av bladet Målmannen, kann lett tru at me ikkje berre hev fenge ei ny tidskrift som skriv på høgnorsk, men som attpåtil er sterkt pro-israelsk. Dette vekkjer visseleg åtaugaum i ei tid staten Israel stend på krigsfot og kuar det palestinske folket. Innlegget til Olav Torheim, som er bladstyrar, gav ei ovende israelsvenleg framstelling av stoda i Midtausten. Me som skriv dette innlegget, er usamde med Torheim og tykkjer Noregs Mållag vedtok ei vitug og sakleg fråsegn på landsmøtet sitt i slutten av april.

Fyrstundes vil me uppmoda Torheim um å gjera det klårt at innlegget hans stod eine og åleine for hans eigi rekning. Israel- og Palestina-spursmålet hev ikkje vore dryft på noko møte i høgnorskrørsla, og det er slett ikkje noko samla syn um dette. Alle høgnorskingar hev hug til å hegna um og fremja ein tradisjonell nynorsk, men utanum dette sprikjer meiningsane til mange kantar. Når bladstyraren i det fyrste nummeret av bladet rosar Israel og risar Noregs Mållag, fær lesarane ein tokke av at Målmannen er eit snevert «kyrkjelydsblad». Endå Ivar Aasen-sambandet ikkje hev havt uppe innhaldet i bladet på eit einaste møte eller godkjent det, stend Sambandet på tridje sida, der utgjevaren til vanleg stend, slik som i Vestmannen. Det skaper ein idé um at Sambandet gjeng god for innhaldet. Torheim nyttar dessutan me-form i innlegget – kven uttalar han seg då på vegner av? Ein artikkel underskriven med namnet å bladstyraren kann lett tolkast som synet til bladet og dermed Sambandet, som òg utan samtykkje frå styret hev lånt ut domenet sitt til bladet, [www.sambandet.no](http://www.sambandet.no). Ivar Aasen-sambandet hev ikkje gjeve studnad til bladstyraren – bladet er eit sololaup frå bladstyraren si sida, med studnad frå formannen i Sambandet og den fyrre bladstyraren i Vestmannen. Med Målmannen nr. 1 i friskt minne kann mange koma til å lata vera å tinga bladet. Dei vil ikkje stydja eit blad som dyrkar ein umsynslaus krigarstat og sparkar etter hovudlaget for norsk målreising i landet, Noregs Mållag, tidi og ofte.

Mållaget og målungdomen hev gjennom lange tider sett målsaki inn ei nasjonal samfundsråma og teke stoda til krafter som kann vera anten til bate eller til skade for målrørsla. EU-saki er vel

kann henda det beste dømet. Fyregangsmennene våre såg den norske målstriden under ein vid horisont. Aasen, Vinje og Garborg hadde auga for at andre folk fyre oss òg hev stridt seg fram til frigjering, både politisk og språkleg, og dei visste å byggja alliansar. Politisk trælking under herrefolk og avmakt i unionar av ymist slag hev sett bægje for bruk av morsmålet og kulturell fridom ålment. Frigjulingsstrid hev ofte nort godhugen for målreising, og etterreisingi av norsk skriftmål med Ivar Aasen i brodden må me sjå på bakgrunn av den nasjonale vakningi på 1800-talet. Etter hundradals år som lydrike under Danmark hadde norsk mål lågt prestisje, og vyrdnad for norsk mål laut byggjast opp att. I Noreg nyt òg det norsk-danske bokmålet i dag status som norsk, og det gjer at striden vår stend i ei serstoda. Norsk og norsk-dansk bokmål er nærskyldne mål, jamvel um skilnaden er berrsynt, ikkje minst millom høgnorsk og det som hev vorte kalla riksmål, moderat bokmål.

Både arabisk og hebraisk er semitiske mål, men i liten mun innbyrdes skynlege. Palestina er eit lite stykke land der det hev butt palestinrarar, jødar og andre folkeslag i lang tid. Etter staten Israel vart skipa i 1948, hev det loga upp stridar der mange gonger i etterkrigsåri. Takk vere studnaden frå USA og ei ovsterk krigsmaskin hev Israel vunne alle krigane. Millionar av palestinske flyktningar bur i læger i grannelandi, og mange hev gjort so heile livet. Israel gjev deim ikkje rett til å venda heim til fedrelandet sitt. Israel neittar òg å dra seg attende til dei gamle grensone sine frå fyre 1967 og held Vestbreiddi og Gaza-stripa hersett, i strid med vedtak frå Dei sameinte nasjonane (SN). Israel held fram med å setja opp nye busetjingar på umråde der det hev butt palestinrarar. Vatnet og den mest grøderike jordi vert tekne av israelske nybyggjarar frå dei palestinske innfødde. Det palestinske folket vert drive burt frå heimane sine. Den israelske heren nyttar stridshelikopter og rakettar mot palestinrarane og styremaktene deira. Tvo tridjepartar av dei drepne i den siste intifadaen er palestinrarar.

Ein gong i tidi var nordmennene eit folk som òg var halde nede, men stort sét med mykje mildare metodar enn det palestinrarane røyner i dag. Difor ser me i dag at norsk mål og norsk kultur av

mange vert sedde ned på, ein seinverknad av dansketidi. Den gongen sat danskar som herrefolk på dei høgste umbodi i landet, og dansk mål var einerådande i skrift. Me nordmennar hev ein skyldnad til å gjeva studnad til undertrykte folk som strider for frigjering, for retten til landet sitt, jordi si, heimen og kulturen sin. At Noregs Mållag, som fører ein strid for at nordmennar skal velja sitt eige mål og skriva norsk, ser ein parallel til striden som andre folk fører for fridom og sjølvråderett, er inkje under. Me ser målreisingi i eit internasjonalt bilæte; samhugen vår stoggar ikkje ved landegrensa. Hebraisk målreising er eit sersyn – eit religiøst seremonimål vert teke i bruk i skrift og tala i ein nyskipa stat. Dette målet vert nytt av ein stat som systematisk trugar og trengjer burt eit anna folk som hev butt i landet i uminnelege tider. Høgnorsk hev ingen okkupasjonsstat i ryggen, men målet hev eit traust grunnlag i ein livande skriftkultur og i målføri. Det er soleis vandt å finna noko serskilt sams for desse to måli og umstendi deira. Kor som er, me trur det er best for både nordmennar og palestinrarar å liva utan herrefolk yver seg. Då vil òg striden for språkleg og kulturell frigjering få dei beste vilkåri. Difor segjer me: Fram for eit fritt Palestina!

Håvard Tangen

Kjetil Aasen

Gunleiv Hadland

Arild Torvund Olsen

*Bladet Målmannen vert drive etter redaktørplakaten. Det hev aldri vore meiningi at styret i Ivar Aasen-sambandet skulde «ganga god for» eller «godkjenna» innhaldet i bladet. Derimot hev styret i Ivar Aasen-sambandet samrøystes vedteke å stydja bladet med 10.000 kronor.*

*Heimesidone åt Ivar Aasen-sambandet hev sidan 1997 vorte drivne etter ålmenne prinsipp og ikkje etter styreveitak. Det hev vore eigne sider for mange og ulike tiltak. Denne praksisen kjem til å halda fram med mindre styret i Ivar Aasen-sambandet gjev instruksar um noko anna.*

Bladstjorni

## Julekveld av Jakob Sande

### Av Ole Jakob Totland

Av dei norske jolesongane, er «Julekveld» av Jakob Sande den eg held høgst. Det er songen som no jamnast vert kalla «Det lyser i stille grender», etter fyrste verselina. Fyrste gongen diktet stod på prent, var i joleheftet *Jol i Sunnfjord* i 1931. Jakob Sande heldt seg då mykje godt til same rettskrivingi som heftet elles, med i-mål og stor hugnad.

Når det ikkje er på dette målet me plar syngja songen i dag, kjem det av at dei som hev reidt songbøker og slikt dei seinste tiåri, hev sét seg nøydde til å «bøta på» målet, so det hev høvt med midstraumsmålet i samtid. Som eg såg det stod so herleg tvitydig i fyreordet åt ei songbok ein gong: «Dette gjelder både bokmål og nynorsk». Det er ei ufysa å gjelda åndsverki åt skaldane våre på denne måten. Difor vil eg gjerne gjera kjent teksti åt denne jolesongen, slik ho var frå upphavet, so lesarane fær vita



Bilæte av Karl Erik Harr or boki Juleevangeliet (2001), J. M. Stenersens forlag. Prenta med løyve frå bokreidaren.

### Julekveld

Det lyser i stille grender  
av tindrande ljós ikveld,  
og tusunde barnehender  
mot himmelen ljosi held.

Og glade med song dei helsar  
sin broder i himmelhall  
som kom og vart heimsens frelsar  
som barn i ein vesal stall.

Han låg der med høy til pute,  
og gret på si ringe seng,  
men englane song der ute  
på Betlehems aude eng.

korleides songen bør gjevast att på songark til festlege jolesamkomor. Her er òg ei femte strofa, som ofte hev vore utelati. Jakob Sande sjølv skal ikkje ha vore serleg nøgd med denne strofa; han skal ha sagt at ein ikkje kann «binda myrkret», og tykte songen enda greidt nok etter fjorde strofa. Men, heime i prestegarden hjå far min hev me stødt sunge henne, so eg meiner no strofa høyrer med. Det vert som eit tomrom når songen stilnar utan henne.

Det er no elles meir skalden enn målmannen Jakob Sande, eg finn grunn til å hylla. Han skreiv so tidleg som i 1933 *op for upp* i diktsamlingi *Frå Sunnfjord til Rio*. Men når han fyrst hev gjeve oss ei songtekst på sopass godt mål, skulde me halda oss til henne, som ho var i sitt upphavlege målskrud.

Der song dei for fyrste gongen,  
ved natt over Davids by,  
den evige himmelsongen  
som alltid er ung og ny.

Songen som atter tonar  
med jubel kvar julenatt,  
um barnet, Guds son og sonar  
som myrkret for evigt batt.

*Næste nummeret av Målmannen kjem i februar. Til då ynskjer me lesarane ei signa jolehelg og eit godt nytt år!*

**Attende til: Målmannen, Postboks 49 Blindern, 0313 Oslo**

### Sluttordet:

*Alt av ånd vil upp og fram.  
Alt av troll vil trygt sitja.*

Arne Garborg i *Haugtussa*